

NVE

Innsendt dato: 02.02.2023

Referansenummer: JLYKNM

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside	
Fortsett med høringsuttalelsen	Ja

Personopplysninger	
Fornavn	TORKJEL
Mellomnavn	BRULAND
Etternavn	LAVOLL
Er søker et selskap under stiftelse?	Ikke angitt

Saksopplysninger	
NVEs saksnr.:	202115667
Sakstittel	Døsjagrovi kraftverk

Høringsuttalelse	
Høringsuttalelse	Høyringsinnspel om kraftutbygging i Døsjagrovi. Høyringsinnspel på vegne av Åse Berit Bruland, gnr/bnr 47/12. Underteikna ber om å stå som kontaktperson på vegne av Åse. Eigedommen er heilårsbustad. Det blir trekt fram at Luster Småkraft as er lokalt eigd. Dette gjeld Luster energiverk som eig 50% av Luster Småkraft as. Men Småkraft AS som eig dei resterande 50% av Luster småkraft er, so langt vi ser ut frå informasjon på www.proff.no, eigd av tyske Aquila Capital og nederlandske Aceh. Det betyr slik vi forstår det at halvparten av verdien av tiltaket + halvparten av inntektene framover går til desse. Vidare blir det trekt fram at bygginga vil gje lokal verdiskaping. Den entreprenøren/ leverandørane som er billigast / mest erfarne får truleg jobben og dei er ikkje nødvendigvis lokale. Vi meiner tiltaket er eit av mange eksempel på at kraftutbygging gjev uforholdsmessig mykje risiko, bekymringar og ulemper for tredjepart. Det svir ekstra når halvparten av verdiane ikkje går tilbake til lokalsamfunnet. Vi og fleire husstandar har eige trykkvatn med inntak i området der avløpsrøyrret blir lagt. Det må lagast til ei god midlertidig løysing under bygging og ny god løysing etter at trassen er ferdig. Kummar og leidningsnett som råkast må erstattast med like god eller betre løysing og infrastruktur som i dag. Det må og leggst til rette for at det er framkommeleg langs vassleidningane for inspeksjon og service. Det betyr at det ikkje må byggast nye uoverkommelege eller høgare kantar og tersklar som ein vanskeleg kan passere. Framtidig vedlikehald og nødvendig oppgradering av infrastruktur kan ikkje bli hindra av avløpsrøyrret. Det står i søknaden at tiltaket ikkje vil påverke oppkommene som blir nytta til drikkevatn, men konsekvensen er formidabel for dei som bur der dersom dette viser seg å vere feil. Det er svært bratt der avløpsrøyrret er planlagt plassert. Vi er svært bekymra for ras. Det gjekk ras bak huset på nittitalet som knuste bislaget. Det står i søknaden at det ikkje er registrert skredhending, dette stemmer altso ikkje. I tillegg kjem klimaendringar med meir nedbør og vind. Då vi grov ut for garasje, snuplass og veg, hagla steinane og heile sida heldt på å rase ut. Det er svært mykje vatn i grunnen. Det vil vere fare for liv og helse både for dei fastbuande, men også for dei som skal utføre jobben. Arbeidet med å traversere over oss vil etter vårt skjønn gje mykje meir utfordrande arbeid og mykje høgre utgifter enn det tiltakshavar har rekna med. Inngrepet vil sannsynlegvis bli mykje større enn fyrst tenkt. •Kva blir gjort for å sikre at det ikkje går ras utløyst av bygging av avløpsrøyrret? •Kva vil bli gjort for å hindre uønskt avrenning av vatn og slam

	utløyst av bygging av avløpsrøyret? •Kvar kjem dei skildra mellombelse tilkomstvegane for å grave ned avløpsrøyret? •Kortid ser ein for seg å byrje arbeidet med avløpsrøyret og kor lang tid vil de ta? Vi motsetter oss det alternative forslaget om å føre vatnet ut i Frudamsgrovi. Bekken er av fagfolk vurdert til å ha godt under 1 m³/s ved maksimal vassnivå. Å sende 1.1 m³/s i tillegg vil endre karakteren til bekken totalt. Bekken må forbyggast svært kraftig og alle 3 bruene + kullverten under fylkesvegen må truleg bytast ut. Bekken vil få ein totalt endra karakter. Ein må etablere ein vass- og støylås som drep energien og tek turbinstøyen før det går ut i bekken. Det må utarbeidast ei støykartlegging for tiltaket og de må givast juridisk bindande garantiar for desibelnivå når tiltaket blir sett i drift. Det må gjerast kontrollmåling av støy etter at tiltaket er sett i drift. Med minimum meir enn dobling av vassmengda i bekken vil støyen frå bekken blir svært mykje større enn i dag. Dette er ei stor ulempe for oss. So vidt vi er kjent med er det ikkje gjort hydrologisk eller biologisk vurderinga av Frudamsgrovi. NVE kan difor ikkje vurdere dette som eit reelt alternativ. Vi meiner at vatnet skal tilbake til Døsjagrovi som i utgangspunktet er dimensjonert for den naturlege vassmengda i staden for å totalt øydelegge ein liten bekk. Om ein vel å gå med røyr ned langs Frudamsgrovi vil ein kappe både vegen og kloakken vår. Det vil i tillegg røyve snuplass, brua og sitteplassen ved elva. Dette er infrastruktur og fysiske element som vi over mange år har nennsamt opparbeidt med ei blanding av eigeninnsats og innleigd hjelp. Eigedommen må vere tilgjengeleg for levering av varer og tenester dagleg. Anleggsarbeid vil hindre slik ferdsel. Anleggsarbeid vil hindre utrykkingskøyretøy og det fins ingen alternativ tilkomst til eigedommen. Røyr ned langs Frudamsgrovi er difor heilt uaktuelt. Sjå elles avsnitt om bekymring for ras. Vi vil takke for anledning til å gje innspel. Vi vil gjerne vere med på synfaringa. Silje Bruland Lavoll og Torkjel Bruland Lavoll.
Høringsuttalelse som vedlegg	Ikke angitt
Vedlegg av bilder og kart	